

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 543/97

av 17. mars 1997

om endring av forordning (EØF) nr. 1107/70 om støtte til transport med jernbane, på vei og innlands vannvei(*)**RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 75 og 94,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rådsforordning (EØF) nr. 1107/70 av 4. juni 1970 om støtte til transport med jernbane, på vei og innlands vannvei⁽⁴⁾ gjev medlemsstatane høve til å utvikle kombinert transport gjennom støtte til investeringar i infrastruktur, i fast og flyttbart utstyr som er naudsynt for omlasting, og i transportmateriell som er særleg tilpassa kombinert transport og berre vert nytta i kombinert transport, eller gjennom støtte til driftskostnader i samband med kombinert transport innanfor Fellesskapet som omfattar transitt gjennom territoriet til tredjestatar.
- 2) Med tanke på at det aukande kravet til mobilitet legg stadig større press på menneske og miljø, og for å ta omsyn til den noverande svært ulike fordelinga av kostnader mellom dei ulike transportsystema bør det gjerast mogleg å støtte miljøvenlege transportsystem.
- 3) Den noverande transportpolitikken har enno ikkje gjort det mogleg å leggje tilhøva til rette for ein sunn konkurranse mellom dei ulike transportsystema, og det er enno ikkje oppnådd finansiell jamvekt i jarnbaneføretaka.

4) Utviklinga innan kombinert transport syner at denne transportteknikken framleis er i startfasen i nokre regionar i Fellesskapet. Difor bør støtteordninga lengjast.

5) Den noverande støtteordninga bør difor haldast ved lag inntil 31. desember 1997. På dei vilkåra som er fastsette i traktaten, bør Rådet avgjere kva ordning som skal nyttast seinare, eller eventuelt på kva vilkår støtta skal falle bort.

6) Høvet til å gje støtte til driftskostnader i samband med kombinert transport i transitt gjennom territoriet til tredjestatar bør haldast ved lag berre for Sveits og statane i det tidlegare Jugoslavia.

7) Vedtak 75/327/EØF⁽⁵⁾, som artikkel 4 i forordning (EØF) nr. 1107/70 viser til, vart oppheva ved artikkel 13 i rådsdirektiv 91/440/EØF av 29. juli 1991 om utvikling av Fellesskapets jernbaner⁽⁶⁾. Difor bør artikkel 4 opphevast.

8) Dei kategoriane støtte som er godkjende for kombinert transport, har vist seg å verke tilfredsstillande, og difor er det mogleg å forenkle kontrollen med dei ved å frita dei frå den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 93 nr. 3 i traktaten.

9) Det høyrer inn under einekompetansen til Fellesskapet å fastsetje reglar for kva støtte medlemsstatane kan gje på transportområdet, og dette må gjerast i form av ei forordning.

10) Forordning (EØF) nr. 1107/70 bør difor endrast -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I forordning (EØF) nr. 1107/70 vert det gjort følgjande endringar:

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 84 av 26.3.1997, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/97 av 4. oktober 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 253 av 29.9.1995, s. 22.

(2) TEF nr. C 39 av 12.2.1996, s. 102.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 29. februar 1996 (TEF nr. C 78 av 18.3.1996, s. 25), felles haldning frå Rådet av 25. oktober 1996 (TEF nr. C 372 av 9.12.1996, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 19. februar 1997 (TEF nr. C 85 av 17.3.1997).

(4) TEF nr. L 130 av 15.6.1970, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EØF) nr. 3578/92 (TEF nr. L 364 av 12.12.1992, s. 11).

(5) Rådsvedtak 75/327/EØF av 20. mai 1975 om sanering av jernbaneforetaks situasjon og harmonisering av reglene som styrer de økonomiske forbindelser mellom disse foretak og statene (TEF nr. L 152 av 12.6.1975, s. 3).

(6) TEF nr. L 237 av 24.8.1991, s. 25.

1. I artikkel 3 nr. 1 bokstav e) vert det gjort følgjande endringar:

— i første og tredje leddet vert «31. desember 1995» endra til «31. desember 1997»,

— i første leddet fjerde strekpunktet går «Østerrike» ut.

2. Artikkel 4 vert oppheva.

3. Artikkel 5 nr. 2 skal lyde:

«2. Støtte omhandlet i artikkel 3 nr. 1 bokstav e) skal være unntatt fra framgangsmåten i traktatens artikkel 93 nr. 3;

Kommisjonen skal oversendes et foreløpig anslag over slik støtte i begynnelsen av hvert år og deretter en endelig beretning etter utløpet av budsjettåret.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1996.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. mars 1997.

For Rådet

J. VAN AARTSEN

Formann